



Vang kommune



# Planstrategi

2020-2023

## Vår visjon

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.



Vedteke 10.09.2020



# PLANSTRATEGI

2020-2023

Vedteke 10.09.2020

Vedteke av kommunestyret 10.09.2020 med heimel i plan- og bygningslova, av 27.6.2008 nr. 71, kapittel 10.

---

Forsidefoto © Hallgrim B. Rogn; opning av Leikegøta på Hensåsen 22. april 2016.



## Samandrag

Å utarbeide ein «planstrategi» er eit lovkrav i plan- og bygningslova § 10-1. Paragrafen seier at kommunestyret minst ein gong for kvar valperiode, og senast eit år etter konstituering, skal lage og vedta ein planstrategi. Planstrategien set ikkje nye mål, men den er eit arbeidsdokument som stakar ut kursen ved å prioritere og velje tiltak for å nå dei målsettingane kommunen har sett seg føre i kommuneplanen. Folkehelseoversikt jf. §5 i folkehelselova skal gje eit grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi.

For planlegginga dei neste fire åra skal Vang kommune vere bevisst på det kommunale handlingsrommet og vurdere planane opp mot behovet til kommunen. I den årlege revideringa av handlingsdelen skal alle etatane medverke slik at kommunen som organisasjon jobbar samla mot å nå dei målsettingane som er sett i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vang kommune vil dei neste fire åra ha eit spesielt fokus på å auke kunnskapsgrunnlaget til kommunen for ei heilskapeleg og berekraftig utvikling. Utvalde tema kommunen vil fokusere på i denne fireårsperioden er naturmangfald, energi og klima, vassmiljø og trafikktryggleik. I tillegg vil kommunen utarbeide ein overordna plan for helse- og omsorgstenesten. Desse planane vil liggje til grunn ved revidering av kommuneplanen. Kommunen planlegg å revidere samfunnsdelen i slutten av denne planperioda, medan arealdelen blir prioritert i starten av neste periode.

Tabell 1 syner kva planar som blir prioritert dei neste fire åra.



Tabell 1 Planoppgåver og tidspunkt for prioritering for Vang kommune i perioden 2016-2019 (R = revisjon ; U = utarbeiding).

Kommuneplan	Periode	2020	2021	2022	2023
Kommuneplanens arealdel	2015-2027				
Kommuneplanens samfunnsdel	2015-2027				R
Interkommunale-/regionplanar	Periode	2020	2021	2022	2023
Regional plan for EPS	2018-2021			R	
Handlingsplan mot vold i nære relasjoner	2017-2020		R		
IKT-strategi for Valdresbarnehagane	2015-2018	Skal reviderast, tidspunkt ikkje avklara			
IKT-strategi for Valdreskommunene (inkl. grunnskulen)	2015-2018	Skal reviderast, tidspunkt ikkje avklara			
Regional kompetanseplan for barnehagar i Valdres	2015-2018	Skal reviderast, tidspunkt ikkje avklara			
Regional, strategisk kompetanseplan for helse og omsorg i Valdres	2016?	U			
Kommunedelplanar	Periode	2020	2021	2022	2023
Energi og klima	Ny			U	U
Naturmangfald	Ny		U	U	
Idrett og fysisk aktivitet	2019-2022			R	
Tyinkrysset	2019	R			
Vassmiljø-vassforsyning-avløp	Ny			U	U
Trafikktryggleik	2015-2017	R			
Plan for helse og omsorgstenesten i Vang kommune	Ny		U	U	
Reguleringsplanar	Periode	2020	2021	2022	2023
Klukkarhaugen	Ny	U	U		
Tema-, fag- og tiltaksplanar	Periode	2020	2021	2022	2023
Folkehelseoversikt	2020-2023				R
Kompetanseplan for helse- og omsorg i Vang	2020-2023				R
Demensplan	2015-2017	R			
Landbruksplan	2016-2020	R	R		
Rehabiliteringsplan	2016	R			
Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	2013-2016	R			
Bustadpolitisk plan - handlingsdel	2019-2022			R	
Bibliotekplan for Vang	Ny	U			
Utviklingsplan for skulen i Vang	2014-2018			R	
Kompetanseplan for grunnskulen	2018-2021		R		
Bustadpolitisk plan -handlingsdel	2019-2022				R
Sti og løypeplan Vang	Ny		U		
Kompetanseplan for Landbruk/teknisk etat	Ny		U		
Vedlikehaldsplan for vatn og avløp	Ny		U		
Vedlikehaldsplan for bygg og veg	Ny		U		
Overordna kompetanseplan for Vang	Ny	U			
ROS og Beredskap	Periode	2020	2021	2022	2023
Overordna ROS-analyse	2016-2019	R			
ROS for Landbruk/teknisk etat	Ny	R			



## Innhald

1	Innleiing .....	7
1.1	Prosesser .....	7
1.2	Føremål .....	7
2	Overordna føringar .....	8
2.1	Nasjonale forventningar .....	8
2.2	Regionale føringar og planar .....	8
3	Kommunen sitt plansystem .....	10
4	Status for planar i kommunen .....	10
4.1	Kommuneplanen .....	10
4.2	Kommunedelplanar .....	11
4.3	Tema-, fag- og tiltaksplanar .....	11
4.4	ROS-analyser og beredskapsplanar .....	12
5	Utviklingstrekk og utfordringar i kommunen .....	13
5.1	Befolkning .....	13
5.2	Folkehelse .....	15
5.3	Næring og arbeidsplassar .....	16
5.4	Fritidsbustadar i Vang .....	17
5.5	Arealbruk .....	17
5.6	Klima, miljø og vassmiljø .....	18
5.7	Samfunnstryggleik og beredskap .....	18
5.8	Kommunal tenesteyting .....	19
6	Vurdering av planbehovet .....	23
6.1	Kommuneplanen .....	23
6.2	Kommunedelplanar .....	23
6.3	Reguleringsplanar .....	24
6.4	Tema-, fag- og tiltaksplanar .....	25
6.5	ROS-analyser og beredskap .....	25
7	Prioriterte planoppgåver i 2020-2023 .....	25
8	Vedlegg .....	27
	Vedlegg I .....	27
	Regionale planar som er relevante for Vang kommune .....	27
	Interkommunale planar som er relevante for Vang kommune .....	27
	Vedlegg II .....	28
	Status for prioriterte oppgåver førre kommunestyreperiode .....	28
	Vedlegg III .....	30
	Innspel som kom ved varsel om oppstart .....	30
	Vedlegg IV .....	34
	Innspel som kom ved høyring og offentleg ettersyn .....	34



## 1 Innleiing

Plan- og bygningsloven av 27.6.2008 nr. 71 (heretter pbl.) stillar i kapittel 10 krav om utarbeiding av ein *kommunal planstrategi*.

Formålet med planstrategien er å klårgjere og prioritere planoppgåver som kommunen enten skal vidareføre eller starte opp for å nå ynskja utvikling i kommunen. Eit viktig siktemål med planstrategien er å sikre den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast i kommunestyreperioden. Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret vurdere om kommuneplanen skal bli revidert, men også for å vurdere *heile* kommunen sitt plansystem, planressursar og samla behov.

Planstrategien skal òg drøfte utviklinga og utfordringane i kommunen; denne vurderinga skal i stor grad tuftast på kommunen si folkehelseoversikt. Dei utfordringane som finst skal kommunestyret sjå i samanheng med målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel, og ein skal jobbe mot ynskja utvikling i kommunen.

### 1.1 Prosessen

Administrasjonen, med leiargruppa til kommunedirektøren i spissen, starta arbeidet med planstrategien 20. januar 2020. Det vart varsla oppstart av arbeidet den 14.01.2020 med frist for innspel den 28.02.2020. I samband med oppstartsvarselet kom det inn 13 innspel, av desse var fem frå regionale- og statlege myndigheiter, 8 frå interesseorganisasjon og frå hytteeigar (sjå vedlegg III).

Den 18. juni vedtok kommunestyret å legge forslag til kommunal planstrategi 2020-2023 på høyring og offentlig ettersyn. Planstrategien vart offentleggjort på heimesida til kommunen den 03.07.20 og sendt på høyring med frist for innspel den 14.08.20. Det kom inn i alt 9 innspel, av desse var 5 frå regionale- og statlege myndigheiter, 2 frå folkehelsekoordinator i Vang, 1 frå Vang Bondelag og 1 frå Vang Arbeiderparti. (sjå vedlegg IV)

Planstrategien blir lagt fram til sluttbehandling i kommunestyremøte den 10.09.2020.

### 1.2 Føremål

Det kommunale ansvarsområdet er mangfaldig; det blir utarbeida planar for kommunen si drift og for utvikling av samfunnet – nokre planar går òg utover kommunegrensa. For planlegginga dei neste fire åra skal fylgjande punkt vere retningsgjevande planlegginga til Vang kommune (etter Plathe, 2015<sup>1</sup>):

- ▶ Vi skal vere bevisst på det kommunale handlingsrommet.
- ▶ Oppdaterte planar styrker det lokale handlingsrommet.
- ▶ Vi skal ha eit enkelt og forståeleg kommunalt plansystem retta mot gjennomføring.
- ▶ Den kommunale planstrategien skal brukast aktivt som styrings- og prioriteringsverktøy.
- ▶ Vi skal arbeide aktivt for å nå målsettingane som står i samfunnsdelen i kommuneplanen.
- ▶ Omfang og utforming av temaplanar skal vere tilpassa behovet til kommunen.
- ▶ Vi søkjer å korte ned og få meir tidseffektive planprosessar.
- ▶ Vi skal prioritere planarbeid som er naudsynt for gjennomføring og utvikling av kommunen, jf. måla i samfunnsdelen i kommuneplanen.

---

<sup>1</sup> Plathe, E. (2015): Effektivisering av kommunal planlegging. Asplan Viak, oppdrag 535382.

## 2 Overordna føringar

### 2.1 Nasjonale forventningar

I Kongeleg resolusjon 14. mai vart *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023* vedteke. Dei nasjonale forventningane er retningsgjevande ved utarbeiding av regionale og kommunale planar. Kommunen skal finne heilskaplege løysingar der både lokale forhold og utfordringar blir ivareteke samstundes som dei nasjonale og regionale interessene ivareteke.

Dei nasjonale forventningane for 2019-2023 legg vekt på fire hovudutfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn.
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning.
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn.
- Å skape eit trygt samfunn for alle.

I 2015 vedtok FN si generalforsamling 2030 – agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål som er verdas arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030, sjå alle delmål i Figur 1. I dei nasjonale forventningane står det:

*Regjeringen har bestemt at FNs 17 bærekraftsmål, som Norge har sluttet seg til, skal være det politiske hovedsporet for å ta tak i vår tids største utfordringer, også i Norge. Det er derfor viktig at bærekraftsmålene blir en del av grunnlaget for samfunns- og arealplanleggingen.*



Figur 1 FN sine bærekraftsmål

### 2.2 Regionale føringar og planar

Innlandet fylke, tidlegare Hedmark- og Oppland fylke, vart etablert 1. januar 2020. Fylket har større areal enn Danmark, og er det einaste fylket utan kystlinje. Innlandet er Norges hyttefylke.<sup>2</sup>

<sup>2</sup> [Innlandetfylke.no](http://Innlandetfylke.no)



Innlandet fylkeskommune utarbeidar regional planstrategi for Innlandet, Innlandsstrategien 2020-2024. Den er ikkje vedteken, men ligg på høyring til 26. juni. FN sine mål for berekraft ligg til grunn for kunnskapsgrunnet i Innlandsstrategien. Fylkeskommunen trekk fram fire satsingsområder:<sup>3</sup>

- *Innbyggere*  
*Det skal være godt å bo, leve, jobbe og utdanne seg i Innlandet. Vi ønsker at flere skal flytte hit og tilbringe tid i fylket vårt.*
- *Innovasjon*  
*Vi har vilje til utvikling, og skal alltid lete etter bedre løsninger. Innovasjon, både i offentlig og privat sektor, skaper nye arbeidsplasser.*
- *Inkludering*  
*Vi skal bygge det inkluderende Innlandet og feire mangfoldet. Det skal skje aktivt gjennom universell utforming og god integrering.*
- *Infrastruktur*  
*Vi må sikre mobilitet og tilgjengelighet i et vidstrakt fylke. Derfor investerer vi i veg, kollektivtrafikk og digital infrastruktur.*

Vedlegg I gjev ei oversikt over regionale planar som er relevante for Vang kommune.

Valdres Natur- og Kulturpark (VNK) er eit utvida utviklingsamarbeid eigd av dei seks kommunane i Valdres. VNK har definert det som sin viktigaste reiskap å vere ein arena for samhandling mellom kommunar, reiseliv, kultur- og friluftsansjasjonar, bønder og andre næringsdrivande. VNK har i 2017 utarbeidd ein tiårig plan for lokalsamfunnsutvikling i Valdres med følgjande verdigrunnlag<sup>4</sup>:

*Utviklinga i Valdres skal ha: sosial, miljømessig, økonomisk og kulturell berekraft. Utviklinga skal vera bygd på dei natur- og kulturverdiane Valdres har.*

Det er eit omfattande interkommunalt samarbeid i Valdres. Dette har også naturleg gjort det tenleg å gjennomføre felles planlegging og få fram felles planer på dei ulike samarbeidsområda. Det er også laga felles planer/retningslinjer utan at dette er knytt til eit formalisert interkommunalt samarbeid (aktuelle planer er lista opp i vedlegg I).

Vang kommune deltek i fleire regionale og interkommunale samarbeidstiltak. Dette gjeld m.a.:


- |  |   |
|--|---|
| ▶ Valdres Natur- og Kulturpark (VNK)     | ▶ Valdres Friluftsråd                             |
| ▶ Innlandet Revisjon                     | ▶ Geografiske informasjonssystem (GIS)/kartsystem |
| ▶ Valdres Brann- og Redningstjeneste IKS | ▶ Innkjøpsamarbeid                                |
| ▶ IKT-Valdres IKS                        | ▶ Forsikringsordning (FOKVA)                      |
| ▶ Valdres kommunale renovasjon (VKR)     | ▶ Felles skatteoppkreving                         |
| ▶ Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)   | ▶ Valdres Lokalmedisinske senter (VLMS)           |
| ▶ Legevakt                               | ▶ Klimasats nettverksgruppe i Valdres             |
| ▶ NAV-Valdres                            |   |

<sup>3</sup> <https://innlandetfylke.no/politikk/du-kan-pavirke/horinger/horing-om-innlandsstrategien.19317.aspx>

<sup>4</sup> <https://www.valdres.no/valdres-natur-og-kulturpark/styringsdokument-moter-og-referat>

### 3 Kommunen sitt plansystem

Kommuneplanen set kommunen sine visjonar og peikar ut satsingsområda – både for arealbruk og samfunnsutviklinga (Figur 1). Kommunedelplanane går meir i djupna òg kan vere tematiske, faglege eller gå meir på arealet for ein del av kommunen. Økonomi-planen er fylgt av ein handlingsdel, og i desse både prioriterast og tildelast ressursane. Tema-, fag- og tiltaksplanar er konkretiseringar som set konkrete tiltak for å nå hovudmåla, til dømes i kommuneplanens samfunnsdel.



**Figur 1:** Kommunens plansystem – kommuneplanen ligg i botn for vidare planlegging og forvaltning i kommunen.

### 4 Status for planar i kommunen

#### 4.1 Kommuneplanen

Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel vart vedteke den 18.12.2014 (tre føresegner vart revidert den 12.2.2015). Kommuneplanen vart vedteken for perioden 2015-2027. Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel skal fylgjast opp gjennom ein handlingsdel. Handlingsdelen er fireårig og skal rullerast årleg. Handlingsdelen er ein integrert del av kommunen sin økonomiplan.

##### 4.1.1 Samfunnsdelen

Samfunnsdelen set visjonen for Vang kommune:

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

Samfunnsdelen peikar vidare på 13 fokuspunkt som ein skal jobbe aktivt med i kommuneplanen si periode (ikkje i prioritert rekkjefølgje):

- ▶ Folketal
- ▶ Barn og ungdom
- ▶ Kultur og friluftsliv
- ▶ Folkehelse
- ▶ Universell utforming
- ▶ Landbruk
- ▶ Klima, energi og miljø
- ▶ Langsiktig arealforvaltning
- ▶ Næringsutvikling og sysselsetting
- ▶ Kommunen sin økonomi
- ▶ Interkommunalt samarbeid
- ▶ Samfunnssikring og beredskap
- ▶ Vang kommune som arbeidsgjevar



#### 4.1.2 Arealdelen

Arealdelen til kommuneplanen skal ligge til grunn for vidare planlegging og forvaltning.

Hovudmålsettinga til arealdelen er:

Formålet med kommuneplanen sin arealdel er å legge til rette for måloppnåing i samfunnsdelen.

Hovudoppgåva er å finne eigna areal til bustadar, næring og fritidsbustadar, samstundes som ein tek vare på kultur- og naturverdiar. Det er eit uttrykt ynskje om varierte tilbod av bustadtomter i alle delar av kommunen, og at det skal vere attraktivt å busetje seg og bli verande i kommunen.

#### 4.2 Kommunedelplanar

Tabell 2 syner gjeldande kommunedelplanar som er utarbeidd i Vang kommune. Fram til 2020 hadde kommunen ein folkehelseplan med folkehelseoversikt, denne har blitt forenkla til å vere ei folkehelseoversikt som vil bli revidert kvart fjerde år i forkant av ny kommunestyreperiode og arbeid med planstrategi.

**Tabell 2** Kommunedelplaner i Vang – for areal og tema (Etat: HO = Helse og omsorg; OKI = Oppvekst, kultur og integrering;; LT = Landbruk/teknisk; RK = Rådmannskontoret).

Kommunedelplanar	Areal/Tema	Periode	Etat
Kommunedelplan for Grindafjell	A	2003	LT
Kommunedelplan for Raudalen	A	2003	LT
Kommunedelplan for Slettefjell	A	1999	LT
Kommunedelplan for Tyinkrysset	A	2019	LT
Trafikktryggleik	T	2015-2017	LT
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	T	2019-2022	OKI

#### 4.3 Tema-, fag- og tiltaksplanar

Tabell 3 syner gjeldande tema-, fag, og tiltaksplanar som er utarbeidd i Vang kommune.

**Tabell 3** Tema-, fag- og tiltaksplanar i Vang (Etat: HO = Helse og omsorg; OKI = Oppvekst, kultur og integrering; LT = Landbruk/teknisk; KD = Kommunedirektør).

Tema-, fag- og tiltaksplanar	Periode	Etat
Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	2016-2020	RK
Alkoholpolitisk handlingsplan	2020-2024	RK
Demensplan	2020	HO
Organisasjonsplan for helse- og omsorgsetaten	2020	HO
Rehabiliteringsplan	2020	HO
Rusførebyggjande handlingsplan for Vang	2016	HO
Bustadpolitisk plan for Vang kommune	2019-2028	HO
Handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme (tverrfagleg)	2017	HO/OKI
Kompetanseplan for helse- og omsorg i Vang	2020-2023	HO
Landbruksplan	2016-2020	LT
Beitebruksplan	2019-2023	LT
Handlingsplan for trivsel i skulen i Vang	2016	OKI
Handlingsplan for vennskap og eit godt psykososialt miljø i barnehagen	2019	OKI
Generell årsplan for barnehagane i Vang	ÅRLEG	OKI
Utviklingsplan for skulen i Vang	2014-2018	OKI
Temaplan for kulturminne i Vang	2018-2021	OKI
Kompetanseplan for grunnskule	2018-2021	OKI
Skjøtselsplan for Kongevegen	2015	OKI



Kontinuitetsplan ved pandemi sektor for oppvekst i Vang	2020	OKI
Årsplan for SFO	2019/2020	OKI
Tilstandsrapport for grunnskolen i Vang	2019/2020	OKI

#### 4.4 ROS-analyser og beredskapsplanar

Tabell 4 syner gjeldande ROS-analyser og beredskapsplanar i Vang kommune.


**Tabell 4** ROS- og beredskapsplanar i Vang (Etat: HO = Helse og omsorg; OKI= Oppvekst, kultur og integrerin; LT = Landbruk/teknisk; RK = Rådmannskontoret).

ROS-analyser og beredskapsplanar	Periode	Etat
Plan for handtering av informasjon i krisesituasjonar	2020	RK
Overordna beredskapsplan	2020	RK
Overordna ROS	2016-2019	RK
Handlingsplan for beredskapsarbeidet i Vang	2016-2019	RK
Kommunal plan for kriseleiing	2019	RK
Kompetanseplan for Vang i kriseleiing	2017	RK
Kommunal plan informasjon i krisesituasjonar	2019	RK
Evakueringsplan (befolkning)	2019	RK
Plan for atomberedskap	2019	RK
Plan for helse- og sosial beredskap	2020	HO
Beredskapsplan pandemisk influensa	2020	HO
Plan for vern mot smittsomme sykdommer	2020	HO
Plan for ressursdisponering og omlegging av drift - helseavdelinga	2020	HO
Plan for ressursdisponering og omlegging av drift IHT	2020	HO
Evakueringsplanar for sjukeheim og bustader	2019	HO
Infeksjonskontrollprogram Vangsheimen	2017	HO
Plan for psykososial krisestøtte	2020	HO
Beredskapsplan for akutte rovviltskader	2019	LT
Beredskapsplan for teknisk etat	2019	LT
Beredskapsplaner for dei kommunale vassverka	2019	LT
ROS for dei kommunale vassverka	2019	LT
Beredskapsplan for barnehagane i Vang	2016	OKI
Beredskapsplan for Vang barne- og ungdomsskule	2009	OKI
ROS Fredheim Barnehage	2018	OKI
ROS Høre Barnehage	2018	OKI
ROS Vang barne- og ungdomsskule	2018	OKI
ROS Vang folkebibliotek og Vang frivilligsentral	2018	OKI
ROS Vang læringscenter	2018	OKI
ROS Vaksenopplæringa – Spes.ped.	2018	OKI

## 5 Utviklingstrekk og utfordringar i kommunen

### 5.1 Befolkning

Folketalet i Vang har vore relativt stabilt dei siste 20 åra. Det ligg på rundt 1600 innbyggjarar. Kommunen har gjort fleire tiltak for å vere ein attraktiv kommune å flytte til og bu i. Arbeidet som er gjort med næringsutvikling, bustadar og møteplassar kan ha medverka til at folketalet har halde seg relativt konstant. I Vang er andelen innvandrarar om lag 17,5 %, der arbeidsinnvandrarar utgjer ein vesentleg del av denne gruppa. Innvandrarane er ei viktig gruppe i Vang for å oppretthalde folketal og arbeidskraft. Som ein ser i *Figur 2* er folketilveksten positiv sju av dei siste ti åra, av desse er det berre to år det er fødselsoverskot.




Figur 2 Fødselsoverskot, nettoinnflytting og samla folketilvekst dei siste 10 åra (kjelde: <https://www.ssb.no/statbank/sq/10039274>)

Folketalsframskrivinga for dei neste 20 åra syner ei positiv utvikling for Vang kommune. Det ser ut til å bli ei auke i aldersgruppene som er i arbeidsfør alder. Auka ser ut til å bli aller størst i aldersgruppa 80-89 år, men det blir færre av dei aller eldste. Aldersgruppa 0-14 går truleg litt ned midt i perioden for å ende på om lag same nivå i 2040 som i dag, sjå Figur 3.

Utfordringane vil vere å ha godt nok tilbod til den aldrande befolkninga samstundes som ein må arbeide for at fleire vel å bli buande i Vang, flytter til Vang og ynskjer å etablere seg med familie i Vang.

#### Utfordringar

- Gode helsetilbod for den aldrande befolkninga
- Gode butilhøve
- Gode tilbod til barn og ungdom
- Leggje til rette for arbeid og næringsutvikling i Vang



Figur 3 Framskrivning av folketallet i Vang kommune 2020-2040. Kjelde: khs.fhi.no

## 5.2 Folkehelse

Vang kommune har utarbeidd ei folkehelseoversikt, vedteke av kommunestyret i april 2020. Vidare i dette kapitlet følgjer eit utdrag frå denne oversikta.

Hovudbodskap i folkehelseoversikt 2020	Nokre tiltak for å møte utfordringane
Skape større fysisk aktivitet, god psykisk helse og livskvalitet/trivsel for store delar av befolkninga.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein oppvekst med gode erfaringar frå fysisk aktivitet og gode moglegheiter for fysisk aktivitet</li> <li>• Møteplassar for ulike aldersgrupper og på tvers av aldersgrupper</li> <li>• Eit trygt og godt oppvekstmiljø i skule og barnehage</li> <li>• Gang- og sykkelveggar, turveggar, trygge transportårer</li> </ul>
Skape sosial utjamning, aktivitet, inkludering og trivsel for særleg sårbare grupper	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltak retta mot inkludering og trivsel for barn i økonomisk dårlegstilte familiar.</li> <li>• Kultur, idretts- og fritidsaktivitetar for alle barn og unge</li> <li>• Tiltak retta mot einslege og einslege eldre.</li> <li>• Gode møteplassar for alle aldersgrupper (45% av einslege i Vang er eldre).</li> </ul>
Påverk åtferd som kan ha stor helseeffekt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Røykeslutt</li> <li>• Å kunne velje sunt for alle. Sunn kost i barnehage, skule og Vangsheimen.</li> </ul>

Kommunen sine innbyggjarar har låg sjukelegheit, målt i sjukemelding og personar med AAP eller uførepensjon. Innbyggjarane i Vang har lågare medianinntekt per hushald enn på landsbasis, men samtidig er det relativt få som opplev dårleg økonomi som eit stort problem. Læringsresultat i grunnskulen i Vang ser ut til å gje elevane naudsynt grunnlag for å lykkast med å skaffe seg ei fullført utdanning.


I Vang finnes det fleire areanar for fysisk aktivitet (lysløype, gymsalar, idrettshall, fotballbane, ballbinge, trimløype) og samfunnshus for kulturell/sosial aktivitet i alle delar av komunen. I Vang sentrum ligg folkebiblioteket med frivilligsentral. Siste store kommunale satsing for idretts- og kulturlivet er fleirbrukshallen Vangshallen i tilknytning til VBU. Vang kommune har engasjerte innbyggjarar som legg ned mange timar med frivillig innsats i lag og foreningar. Den store frivillige innsatsen i lag for barn og unge gir viktig helsebringande aktivitet, sosialt samvere og positivt grunnlag for deltaking og fysisk rørsle i seinare vaksenliv. Kommunal stimulering av kultur- og idrettsarbeidet som skjer i frivillige lag er viktig for folkehelsa i alle aldersgrupper framover.

Utfordringar:

- Skape større fysisk aktivitet, god psykisk helse og livskvalitet/trivsel for store delar av befolkninga.
- Skape sosial utjamning, aktivitet, inkludering og trivsel for særleg sårbare grupper
- Påverk åtferd som kan ha stor helseeffekt



### 5.3 Næring og arbeidsplassar



Figur 4 Kva innbyggjarane i Vang arbeider med, utvikling frå 2007 til 2019. Målt per 4. kvartal.<sup>6</sup>

Varehandel, hotell og restaurant er saman med helse- og sosialtenester dei største næringane i Vang. Tydlegaste endring av sysselsette dei siste 11 åra ser ein innan jordbruk, skogbruk og fiske. Her har ein hatt ein nedgang frå 134 personar i 2008 til 81 personar i 2019, dette svarer til ein reduksjon på om lag 40% over 11 år.

I VNK sitt «Mulighetsstudie for næringsutvikling i Valdres» frå 2016 blir det gjort ei kort oppsummering av Valdres sine sterke og svake sider når det gjeld befolkning og næringsliv<sup>5</sup>:

Sterke sider	Svake sider
Merkevare Valdres	Befolkningsutvikling og bulyst
Attraktiv hytteregion	Tilgang på kompetanse
Nokre sterke destinasjonar	Mangel på kompetansearbeidsplassar
Sterk posisjon ift. Lokalmat	Lite «eksportrettet» næringsliv
Sterke kulturaktørar	Få lokomotiv
Påliteleg arbeidsstokk	Lite risikovilje
Natur- og kulturgrunnlag	Manglar offensiv kultur for utvikling og innovasjon

Mulighetstudiet føreslår 5 strategiar for næringsutvikling i Valdres:

1. Tradisjon og innovasjon som hovudgrep
2. Styrke arbeidet med Merkevare Valdres og innhaldet i den
3. Styrke vekstkraften i utvalde bransjer og sektorar
4. Infrastruktur og lokalsamfunnsutvikling
5. Entreprenørskap og fremtidig utviklingsevne


Utfordringar:

- Kompetansearbeidsplassar
- Bemanning i turistnæring, behov følgjer ferisesong
- Landbruksnæring i endring

<sup>5</sup>[http://www.iktvaldres.no/VNK/2016/Mulighetsstudie\\_for\\_n%C3%A6ringsutvikling.pdf?\\_ga=2.258858698.1554664069.1591784641-1481819885.1591784641](http://www.iktvaldres.no/VNK/2016/Mulighetsstudie_for_n%C3%A6ringsutvikling.pdf?_ga=2.258858698.1554664069.1591784641-1481819885.1591784641)

## 5.4 Fritidsbustadar i Vang

Norske fritidsbustadar har vore i ei enorm utvikling og bruken av dei har endra seg over tid. Med auka komfort, slik som innlagt vatn, avlaup, straum og vinterbrøyta vegar ser ein ei auka bruk av fritidsbustadane, fleire brukar fritidsbustadane over lengre periodar og fritidsbustaden kan nærast fungere som bustad nummer 2. Per 2020 er det 735 einebustadar i Vang, medan det er heile 1777 fritidsbustader<sup>6</sup>. Antall fritidsbustadar har auka med om lag 600 fritidsbustader dei siste 20 åra og av desse var 240 fritidsbustader bygd dei siste 10 åra, sjå Figur 5.



Figur 5 Talet fritidsbustader per år i Vang<sup>6</sup>

I ei analyse gjort av kommunen ser ein at det er 804 regulerte fritidstomter utan bygg i Vang per 10.05.2020.

Utfordringar:

- Strategi for framtidige fritidsbustadar

## 5.5 Arealbruk

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 peikar regjeringa på ei hovudutfordring, det å skape eit berekraftig velferdssamfunn (sjå kapittel 2.1). Regjeringa skriv at eit berekraftig velferdssamfunn er avhengig av at det blir skapt verdiar og arbeidsplassar i heile landet og nemner mellom anna fjell- og utmarksområde som viktige ressursar for ei berekraftig næringsutvikling med til dømes tursime og landbrukstilknytt næringsliv. Det blir trekt fram at ein må arbeide for ei meir kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltning av areala og med større føreseielegheit.

Vang kommune har store fjell og utmarksområder som er attraktive område for fritidsbustadar og friluftsliv, samstundes som det er viktige leveområde for planter og dyr. I 2016 vart friluftslivsområda i Vang kartlagt og verdsatt for å identifisere, utvikle og ivareta areal for friluftslivet.

*Endringar i arealbruk er i dag den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet på land og for viktige kulturhistoriske verdiar. Mange inngrep som kvar for seg verkar små, kan i sum ha stor negativ verknad.*

(Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2020)

<sup>6</sup> <https://www.ssb.no/kommunefakta/vang>



#### Utfordringar:

- Samspelet mellom vidare utbygging, næringsutvikling, landbruk, arealbruk, klima og naturmangfald.
- Fjellgrense

### 5.6 Klima, miljø og vassmiljø

Kommunen har ei viktig verksemd med å vere forureinings-, miljøvern- og planmyndigheit; kommunen skal gjere faglege vurderingar av korleis ynskja tiltak påverkar miljøet.

#### Utfordringar:

- Konkrete klimatiltak for Vang
- Overordna oversikt over naturmangfald
- Følgje opp krav i EØS-avtalen - vassmiljø

#### 5.6.1 Klima

I tråd med Norge si klimalov frå 2018 har kommunane eit ansvar for å redusere klimagassutsleppa. I desember 2010 vart det vedteken ein energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres. I 2019 vart det sett i gang eit interkommunalt nettverk i Valdres for å jobbe med klima, med midlar frå Miljødirektoratet si klimasatsordning. Det blir søkt om vidare støtte til dette i 2020. I tillegg har Vang kommune i februar 2020 søkt om støtte frå klimasatsordninga til klimarådgeving innan VA, landbruk og plan for å auke den klimafaglege kompetansen i kommunen.

#### 5.6.2 Miljø

Omsynet til miljøet blir lagt til grunn ved forvaltning av ressursane i Vang. Det nye kartleggingsverktøyet NIN (Naturtyper i Noreg) er i svært liten grad tatt i bruk i Vang og det er her eit behov for meir kartlegging. Kartlegging etter eldre verktøy (DN-handbok 13) er gjennomført i delar av kommunen, men også her manglar det ein større dekning. Utarbeida rapport frå fylkesmannen (Larsen og Gaarder, 2015) synleggjer viktige naturverdier i kommunane i fylket. Denne rapporten er gjort i oppstartsfasen av det nye NIN-systemet, og synleggjer viktige naturverdiar i kommunen. Rapport om kartlegging av plantar og dyr i Vang (Sparstad, 2003) begynner å bli gamal og oppdatert rapport på dette området trengs.

#### 5.6.3 Vassmiljø

Vang kommune høyrer til to store vassregionar:

- ▶ Innlandet og Viken
- ▶ Vestland

Kommunen må fylgje forvaltningsplanane for desse vassregionane og gjere dei tiltaka planen seier må bli gjort for å nå målsettinga om betre vassmiljø i alle vassdrag. Kommunen må ha eit fokus på kva me kan bidra med gjennom myndigheitsutøvinga, t.d. innan landbruk, forureining, byggeløyver og arealplanlegging. Valdres har ein felles vassområdekoordinator. Norge har gjennom EØS-avtalen forplikta eg til EU sitt vannrammedirektiv. Det er anbefalt at kommunene lager ein eigen plan for vassforvaltning. Det å sikre god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar innan 2021 er eit mål i vassforskrifta.

### 5.7 Samfunnstryggleik og beredskap

Valdres brann- og redningstjeneste IKS (VBR IKS) vart etablert i 2018, og er eigd av alle Valdreskommunen med unntak av Nord-Aurdal. VBR IKS har ei beredskapsavdeling med 95 deltidstilsette brannmannskap, og har i tillegg 4 overbefal i administrasjonen som rullerar med ein 4-delt overordna vakt 24/7. VBR IKS har 9 brannstasjonar fordelt på 5 kommuner, med 2 av dei i Vang. I arbeidet med ROS-analyse i 2016 vart det peika på desse særerekka for VBR IKS: lange avstandar,



stor andel fritidsbustadar, store arrangement og festivalar, vegtunnelar, begrensa nærvære av andre nødetatar. Intern sårbarheit innanfor VBR IKS er brannvesenet sin variable kapasitet i deltidstyrke utan vakt og usikker tilgang på slukkevatn.

Vang kommune driftar vassverk som leverer drikkevatn til både fastbuande og turistar i Vang kommune. Grunnvatn vert nytta som vassskjelde i alle vassverka, grunnvatn sjåast på som ei trygg og sikker vassskjelde. På den tekniske utforminga må Vang kommune vektelegge automatisert drift og tilstrekkelige reserver for å sikre ein trygg og god forsyning i periodane med høgt belegg på fritidsbustadene. Som leverandør av eit næringsmiddel er Vang kommune underlagt mattilsynet som tilsynsmyndigheit. Talet på fritidsbustadar som er tilkoppa kommunale vassverk er langt høgare enn talet på einebustadar. Bruken av fritidsbustader konsentrerer seg omkring helger og ferie, og brukarane forventer like høg kvalitet på produktet som dei fastbuande. Med cirka 800 kundar vert det stort ansvar for driftspersonellet, det er difor viktig å sikre gode ordningar som bidreg til å behalde og rekruttere kvalifisert personell.

Store delar av Vang kommune er påverka av NVE sine aktsemdkart for snøskred, flaum- og jordskred og steinsprang/-ras. Dette stiller krav til at Vang kommune både som tiltakshavar, men òg som plan- og byggemyndigheit, må gjere/pålegge nøye vurdering av aktivitet i desse aktsemdområda.

Vang kommune har aukande tal fritidsbustadar i kommunen og fritidsbustadane blir meir og meir brukt. Dette stiller krav til Vang kommune sin beredskap, og kravet til bemanning. Ei av utfordringane er å sikre tilfredstillande bemanning når innbyggjartalet varierar med bruken av fritidsbustadane. Gjennom lov om kommunal helse- og omsorgstenester er kommune plikta til å yte og finansiere helse- og omsorgstenester til personer som oppheld seg i kommunen, sjølv om dei ikkje er folkeregistrert i kommunen.

Utfordringar:

- Stor andel fritidsbustadar
- Lange avstandar
- Naturfarer

## 5.8 Kommunal tenesteyting

Kommunen sitt grunnleggjande ansvar som del av den offentlege forvaltninga er å yte ulike tenester for befolkninga. Berekraft er eit omgrep som må vere gjennomgåande i planlegging av alle kommunale tenester. Dei fire store utfordringane som både lokale og nasjonale myndigheiter står ovanfor framover er alle knytt til berekraft. Vang kommune må planleggje for å oppretthalde berekraftige tenester for velferdssamfunnet. Vi må skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom offensiv klimapolitikk og forsvarleg ressursforvaltning. Vangsamfunnet skal vere sosialt berekraftig, og vi skal ha eit lokalsamfunn som er trygt for alle. Desse fire utfordringane, velferdssamfunnet, klima, sosiale forhold og samfunnstryggleik, må leggjast til grunn for ei berekraftig utvikling av dei kommunale tenestene i Vang.

Det er utfordrande for ei lita kommune å oppretthalde og vidareutvikle gode tenester for innbyggjarar og tilreisande. Nasjonale forventningar og insentivordningar legg meir og meir vekt på regionalt samarbeid. Vang kommune må halde fram med å søkje gode interkommunale eller regionale løysingar der det ligg til rett for dette. Gjennom slike ordningar vil kommunen kunne balansere omfang, kvalitet og kosteffektivitet på ein føremålstenleg måte.

Utfordringar:

- Rekruttere rett kompetanse
- Berekraftig samfunnsutvikling
- Å ha gode tenester i ei lita kommune

### 5.8.1 Helse og omsorg

Helse- og omsorgstenestane har ei rekke stortingsmeldingar som gjev retning for utviklingsarbeidet: Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet; Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet; Meld. St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldinga; Meld. St. 9 (2019-2020) Kvalitet og pasientsikkerhet 2018.

Vang kommune har godt utbygde helse- og omsorgstenester med god kapasitet på alle område. Kommunen har både kommunale og regionale temaplanar innan helse- og omsorgsområdet. I komande planperiode ser kommunen behov for å lage ein overordna plan for området. Folketalsframskrivingar tyder på folkeauke i kommunen, jf. kap. 5.1. Den største auken kjem i aldersgruppa 80-89 år. Denne gruppa har tradisjonelt eit stort behov for helse- og omsorgstenester. For å kunne møte utfordringane tenestane står overfor i framtida, er det viktig å lage ein overordna og langsiktig plan for korleis tenestane skal riggast og dimensjonerast. I dette ligg organisering, kapasitet på ulike nivå, ta i bruk ny teknologi, rekruttering og kompetanseheving. Kommunen rekrutterer generelt godt til ledige stillingar, men det er spesielt utfordrande å rekruttere vernepleiarar, helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Det er og vanskeleg å rekruttere til vikariat.

### 5.8.2 Oppvekst, kultur og integrering

Nye fagplanar/rammeplan og læringsmiljø i skule og barnehage har eit høgt fokus, og det vert årleg utarbeidd ein tilstandsrapport i frå skuleeigar. Etaten starta i 2018 opp med «SmartOppvekst» som eit nytt og langsiktig utviklingsarbeid. Fokuset er SMART: Styrke, medverknad, anerkjenning, relasjon, trening. Helsedirektoratet framhevar SmartOppvekst som døme på nasjonalt folkehelsearbeid, som kan hjelpa til med å gje gode psykososiale miljø. Smart oppvekst er ikkje ein metode, men eit tankesett, ei anerkjennande grunnhaldning med fokus på ressursar i staden for på problem; på styrker, på sosial kompetanse/trening, medverknad, anerkjenning og gode relasjonar. Det er viktig å sjå dei gode sidene hjå kvarandre, bygge opp dei gode eigenskapane og styrkene hjå kvar einiskild. Dette er eit felles satsingsområde i etaten i samarbeid med helsesektoren, med eit hovudfokus på barn i eit 1-16 års perspektiv. Satsinga er sterkt knytt opp til fagfornyninga og ny rammeplan for barnehage. Kommunen samarbeidar med aktørar som Høgskulen i Innlandet, Fylkesmannen og Innlandet fylkeskommune. Visjonen og målsettinga er å «Utvikle eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø i Vang, med robuste barn og unge som taklar medgang og motgang.»

For personalet i etaten skjer kompetanseutviklinga gjennom kurs og vidareutdanning i samsvar med lovpålagde kompetansekrav og kommunen sine egne kompetansebehov. Vang er av dei få kommunane der alle tilsette lærarar i grunnskulen har godkjent utdanning. I grunnskulen har det vore svært mange søkjarar dei siste åra, med tilsetning av godt kvalifiserte og kompetente medarbeidarar. Skuleeigar sin strategi for framover å dekke kompetansekrava i alle fag, er å legge til rette for vidareutdanning - for å skreddarsy kollegiet ved skulen for det samla behovet, samt ei høg bevisstheit om faglege behov ved nye tilsetningar. Tilstandsrapporten for grunnskulen er årleg, men kvart femte år ser skulekontoret nærmare på statistikk for det 5 siste åra. Den utvida rapporten kjem neste gong hausten 2021.

I barnehagane har det vore mangel på utdanna pedagogar, og det har vore utfordrande å få tilsett i ledige stillingar. Det har dei siste åra vore ei markant auke i barn med særskilde behov, noko som medfører større utgifter til løn samt behov for personal med spesialkompetanse. Rekrutteringstiltak kommunen har god erfaring med er økonomisk støtte til dei som vil ta ei desentralisert pedagogutdanning, aktiv bruk av lønsplassering spesielt for nyutdanna pedagogar og ikkje minst at Vang kommune kan markere seg med godt omdømme og høg standard innanfor grunnskule- og barnehagedrift både fagleg, sosialt og gjennom god fysisk tilrettelegging.



Læringscenteret er organisert i fleire underavdelingar, herunder introduksjonsprogram/norskopplæring, bufellesskap for einslege mindreårige og vaksenopplæring spes.ped. I tillegg tilbyr læringscenteret grunnskule for vaksne ved behov. Eininga er i stor grad avhengig av status på mottaket og statleg flyktning- og busetjingspolitikk, og har dei siste par åra hatt ein stabil stab og drift. Med mindre Vang kommune får oppmoding om å ta i mot fleire mindreårige flyktningar, vil drifta av bufellesskapet bli avvikla i løpet av planperioden.

Vang kulturskule fekk ny rammeplan i 2018 med namn «Mangfold og fordypning» som er vedteke i kommunestyret. Denne er utarbeidd av Norsk kulturskuleråd, med føremål om å støtte kommunane som kulturskuleeigarar. Denne rammeplanen er lagt til grunn for utvikling av kulturskulen, og er heimla i Opplæringslova § 13-6. Tilboda i kulturskulen vert regulert i takt med ynskjer frå brukarar og tilgangen til kvalifisert personale. Kulturskulane i Valdres samarbeidar tett om lærarressursar.

Vang kommune har samlokalisert Vang frivilligsentral og Vang folkebibliotek. Dette er ein betydeleg arena for aktivitet og kulturtilbod. Dette er eit viktig tilbod i eit folkehelseperspektiv og frivilligsentralen er ein betydeleg katalysator for frivillig verksemd i kommunen. Sentralen ligg til rette for «møte mellom menneske» på tvers av økonomisk og sosial bakgrunn. Deltaking og sosiale møteplassar betyr mykje for trivselen til innbyggjarane våre. Tilskotsordning til frivilligsentralar er under revidering og kan føre til store endringar. Fram til og med 2021 vil tilskot til drift av frivilligsentralen vera pr. sentral, medan det frå 2022 kan kome tilskot etter kommunen sitt folketal. Om ein legg til grunn at endringa vert gjennomført, vil det bety av Vang må bruke vesentleg meir av rammetilskotet frå staten for å oppretthalde dagens driftsnivå og tilbod. Eit viktig arbeid framover vil vera å utarbeide ny bibliotekplan for Vang. Bibliotekplanen skal gje visjonar og strategiar for utviklinga av biblioteket i åra framover, og synleggjera korleis me vil møte utfordringar. Arbeidet er planlagt igangsett våren 2021.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for perioden 2019 til 2022 ligg opp til fleire gode tiltak for Vang. Utvikling av Kongevegen har eit særskild fokus i planperioden.

### 5.8.3 Landbruk/teknisk

Etaten sine hovudoppgåver er forvaltning, drift av bygg, veg, vatn og avløp. Etaten må sikre at saksbehandling går føre seg på ein forsvarleg og effektiv måte. Det er utfordrande å halde på kompetente saksbehandlarar og rekruttere godt kompetente nye tilsette. Kompetanseplanar og rutinar for å unngå sårbarheit i bemanning må utarbeidast. Det er og naudsynt å sjå nærare på å digitalisere søknadsrutinar for å auke kapasitet og tilgjengelegheit, samt sikre validering av søknadar. Digitalisering av byggesaksarkiv er og naudsynt og bør prioriterast.

Tilsyn i byggesaker og med private avløpsanlegg har ikkje vore mogleg å prioritere med dagens bemanning. Det må vurderast korleis ein kan få det til og samstundes fortsette arbeidet med oppfølging av ulovlege tiltak.

Etaten skal drifte kommunale bygg, vegar og vass- og avløpsanlegg på en effektiv og trygg måte. Det er naudsynt å sjå nærare på rutinar for internkontroll, HMS og beredskap. Føremålstenleg bruk av sjølvkostmidlar til drift av anlegg for produksjon av drikkevatt og reinsing av avløpsvatn vil alltid vere i fokus. Utarbeiding av langsiktige vedlikehaldsplanar for vatn, avløp, bygg og veg skal gjennomførast.

Det er eit auka fokus på berekraftig utvikling frå nasjonalt og regionalt hald og kommunen som forvaltar av areal, bygg og infrastruktur har eit ansvar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Etaten ser eit behov for å auke kunnskapen om naturmangfald, klima, miljø og vassmiljø her i Vang for å vurdere kva som er aktuelle tiltak i Vang for å realisere berekraftsmåla.



#### 5.8.4 Kommuneøkonomi

Ein sunn kommuneøkonomi er ein føresetnad for god og framtidsretta tenesteproduksjon. Dette krev at forholdet mellom inntekter, driftsutgifter og investeringar er berekraftig over tid.

##### **Gjeldande handlingsregel:**

1. Netto driftsresultat bør være på minimum 7,25 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal minimumvære på 10 % av brutto driftsinntekter og målet er 15 %.
3. Lånegjelda bør føre til utgifter til renter og avdrag ikkje overstig 13 mill kr for å ha frie midlar av næringsfondet til å dekkje ynskja driftsmål

Målet om storleiken på netto driftsresultat vart sett på eit høgt nivå. Dette med bakgrunn i at kommunen har vesentlege inntekter frå blant anna konsesjonsavgift som er føresett brukt til næringstiltak mm og finansiering av investeringar. Netto driftsresultat har dei siste 4 åra (2016-2019) vore svakare enn kommunen sine egne mål. Disposisjonsfondet er i samsvar med kommunen sitt mål og gjev moglegheit til å takle endringer i inntekter og utgifter. Eigen lånegjeld har auka vesentleg dei siste åra. Dette har gjort at finansutgiftene har tatt større del av driftsøkonomien i kommunen dei siste åra.

Utviklinga på talet innbyggjarar har mykje å seie for kva tenester kommunen kan og skal tilby. Vang kommune har fleire interkommunale tenestesamarbeid, så gjer at kommunen kan tilby dei tenestene som er lovpålagt og forventa.

##### **Utfordringar:**

- Sunn kommuneøkonomi.
- Det vil bli mindre overføringar frå statleg hald.
- Klarar kommunen å takle uventa hendingar?
- Å ha gode tenester i ei lita kommune.



## 6 Vurdering av planbehovet

Ut i frå drøftinga over utviklingstrekk og utfordringar og med utgangspunkt i kommunen sine målsettingar i samfunnsdelen i kommuneplanen vil Vang kommune dei neste fire åra ha fokus på å auke kunnskapsgrunnlaget til kommunen for ei heilskapeleg og berekraftig utvikling.

### 6.1 Kommuneplanen

Gjeldande kommuneplan, både areal- og samfunnsdel, vart vedteken den 18.12.2014.

Vang kommune ser behovet for å auke kunnskapen om naturmangfald, klima og energi, trafikktryggleik og vassmiljø-vassforsyning-avløp før revidering av kommuneplanen og vil prioritere å bruke ressursane på dette denne planperioden. Desse planane vil liggje til grunn ved revidering av kommuneplanen. Kommunen ser for seg å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel i slutten av denne planperioden, medan arealdelen blir prioritert i starten av neste planperiode. Utover det ser ein følgjande tema som bør vurderast ved revisjon:

#### Samfunnsdelen

Samfunnsdelen er eit styrande reiskap for utviklinga i kommunen. FN lanserte sine berekraftmål i 2015 og regjeringa legg stor vekt på dette i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*. Det er viktig at mål om berekraft vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. På bakgrunn av dette vil Vang kommune revidere samfunnsdelen slik at ein kan kople FN sine mål om berekraft til eigne mål, strategiar og tiltak. Valdres natur- og kulturpark har i 2017 utarbeidd ein tiårig plan for lokalsamfunnsutvikling i Valdres, den legg tydelege målsetjingar og strategiar for Valdres. I arbeidet med samfunnsdelen er dette ein nyttig plan å ta omsyn til for å sikre at dei kommunale og regionale måla blir sett i samheng.

#### Arealdelen

Ved revidering av arealdelen neste periode ser ein behov for å vurdere følgjande tema:

- ▶ Attraktive bustadområde og næringsområde
- ▶ Teknisk infrastruktur
- ▶ Talet fritidsbustadar og fjellgrense
- ▶ Sikre landbruksområde, dyrka mark, beiteressursar og stølsområde
- ▶ Vurdering av mineralressursar
- ▶ Utforming av bygg og byggeskikk
- ▶ Kommunedelplanar for areal
- ▶ Vurdere behov for detaljregulering av Ryfoss sentrum

### 6.2 Kommunedelplanar

#### 6.2.1 Areal

Kommunen har i dag fire kommunedelplanar for areal (Grindafjell, Raudalen, Slettefjell og Tyinkrysset, sjå kapittel 4.2). Kommunedelplan for Tyinkrysset er under revidering med mål om sluttbehandling i løpet av 2020. Dei tre andre er utarbeida for meir ein 16 år sidan. Overordna føringar slik som mellom anna arealbruk, berekraft, infrastruktur og klima gjev grunnlag for å revidere desse planane. Det ligg og store areal for framtidig utvikling som ein må vurdere realismen i. Vang kommune ser det som føremålstenleg å vurdere desse planane samstundes med revidering av kommuneplanen sin arealdel, dette for å sikre heilskapen i kommunen si arealforvaltning. I ein slik prosess vil det vere naturleg å vurdere behovet for å ha eigne kommunedelplanar for areal, eller om ein skal inkludere alt eller delar inn i kommuneplanen.



Etter vedtak av kommuneplan Tyinkryssset er intensjonen å arbeide vidare med kommuneplan for eit større område med masterplanen som utgangspunkt. Kommunen vil prioritere å utarbeide nye tematiske kommunedelplanar som omtala i kapittel 6.2.2 før dette arbeidet blir sett i gang.

### 6.2.2 Tema

Kommunen har i dag to tematiske kommunedelplanar (kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet og kommunedelplan for trafikktryggleik). Desse planane gjeld for periodar og skal reviderast ved perioden sitt utløp. Kommunedelplan for trafikktryggleik skulle vore revidert i 2017, og vil bli prioritert. Elles ser kommunen behov for fire nye tematiske kommunedelplanar:

#### Energi og klima

Det er i dag ein felles energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres frå 2010. Ein energi og klimaplan for Vang har vore ei prioritert oppgåve for kommunen lenge (også i dei to førre planstrategiane), men på grunn av ressursmangel har ikkje arbeidet blitt sett i gang. Ein slik plan vil vere eit viktig verktøy for mellom anna å sjå på kva tiltak Vang kommune kan sette i verk for å redusere klimagassutsleppa og korleis ein kan tilpasse arbeidet i kommunen til eit klima i endring. Arbeidet vil bli starta så fort det er kapasitet, men seinast i 2022.

#### Vassmiljø, vassforsyning og avløp

Det er eit behov for ein overordna plan som synleggjer kommunen sine oppgåver som tilbyder av vatn og avløp, men òg som tek omsyn til kommunen sine pliktar ovanfor vassmiljøet – som forureiningsmyndigheit, landbruksmyndigheit og pliktane som vassforskrifta gir kommunen i arbeidet mot betre vasskvalitet jf. EU sitt vassdirektiv. Denne planen var og prioritert førre periode, men det var ikkje ressursar til å utarbeide den. Det bør vere ein føresetnad at denne planen blir utarbeida før eller parallelt med kommuneplanen.

#### Kommunedelplan for naturmangfald

Kommunen ser behovet for eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og ein overordna plan for naturmangfald. Ein slik plan vil vere eit viktig bidrag ved revidering av kommuneplanen sin arealdel. Alle vedtaka som Vang kommune gjer som myndigheit og som *kan* påverke naturmangfaldet, skal ihht. Naturmangfaldlova, vere tufta på ei vurdering av prinsippa i lovas kapittel 2.

#### Helse- og omsorgstenesten i Vang kommune

Det er eit behov for eit overordna styringsdokument og plan for helse- og omsorgstenesten i Vang kommune. Hovudinnhaldet vil vere overordna strategiar for tenesteyting og tenesteutvikling innanfor helse- og omsorg.

## 6.3 Reguleringsplanar

#### Einebustadar

Vang kommune utarbeida førre periode reguleringsplan for bustadfelt i Ryfoss og områdeplan for Vang sentrum. I arbeidet med områdeplan for Vang sentrum i 2018 vart det utarbeida ei bustadanalyse for Vang sentrum av planteamet i Vang kommune. Denne tok utgangspunkt i Oppland fylkeskommune si utgreiinga av bustadsituasjonen frå 2015 utarbeida av prognosesenteret.<sup>7</sup> Det er eit behov for 11 nye bustadtomter og det finnes ein reserve på 9 i Vang sentrum. Kommunen kjenner til at det er spennande private initiativ for einebustadar som kan dekke behovet for einebustadar og vil bruke ressursane på å følgje opp desse framfor å utarbeide eigne planar.

#### Småhus/leilegheiter

<sup>7</sup> <https://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?MId1=2662&FillId=272>

I arbeidet med områdeplanen for Vang sentrum, vedteke i 2018, er det lagt opp til utbygging av leilegheitsbygg mellom Klukkarhaugen og Sommarhotellet som kan gje 20-26 leilegheiter. Oppland fylkeskommune si utgreiing frå 2015 viser eit behov på 64 leilegheiter og 8 einingar i rekkehus/småhus i Vang fram mot 2030 som ligg i gangavstand til sentrumstilbod, kollektivtrafikk, helsetenester mm. Vang kommune vil prioritere å detaljregulere området mellom Klukkarhaugen og Sommarhotellet i denne kommunestyreperioden.

#### Fritidsbustadar

Kommunen ser det som føremålstenleg å utarbeide kdpl for naturmangfald, kdpl klima og energi og kdpl vassmiljø-vassforsyning-avløp som grunnlag for å vurdere vidare utvikling av fritidsbustadar. Kommunen vil ikkje sjølv prioritere å utarbeide reguleringsplanar for fritidsbustadar før dette grunnlaget er på plass. Private initiativ vil bli fulgt opp, jf. forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova.

### 6.4 Tema-, fag- og tiltaksplanar

#### Bibliotekplan for Vang

Det vi bli utarbeida ein bibliotekplan for Vang. Planen skal gje visjonar og strategiar for utviklinga av biblioteket i åra framover.

#### Sti- og løypeplan for Vang

Det å gå på tur er viktig for folk si helse og livskvalitet, men det er også eit attraktivt tilbod med tanke på bulyst og reiseliv. For å sikre sti og løypeetrasear ser kommunen eit behov for å utarbeide ein overordna sti- og løypeplan med kart og tiltaksplanar. Vestre Slidre skal starte arbeidet med tilsvarande plan i 2021. Ved oppstart av arbeidet vil ein ta stilling til eventuelt samarbeid på tvers av kommunene i Valdres for å sikre samanhengande sti og løypenett.

#### Overordna kompetanseplan for Vang

Vang kommune ser behovet for ein overordna strategisk kompetanseplan i kommunen. Denne skal, basert på ei analyse av samfunnsutviklinga, gje eit bilete av kva kompetanse Vang kommune truleg vil ha behov for om 5-10-15 år, og vurdere kva tiltak kommunen må gjere no for å nå måla.

### 6.5 ROS-analyser og beredskap

Overordna ROS analyse skal prioriterast i starten av denne planperioda, den skal reviderast kvart fjerde år og vart sist revidert 2016. Erfaringar frå handteringa av Covid-19 vil vere nyttig i dette arbeidet. Landbruk/teknisk etat vil utarbeide ei ROS analyse for si verksemd. Elles vil ROS og beredskapsplanar bli revidert ved behov og ved deira periode sitt utløp.

## 7 Prioriterte planoppgåver i 2020-2023

For planlegginga dei neste fire åra skal Vang kommune vere bevisst på det kommunale handlingsrommet og vurdere planane opp mot behovet i kommunen. I den årlege revideringa av handlingsdelen skal alle etatane medverke slik at kommunen som organisasjon jobbar samla mot å nå dei målsettingane som er sett i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vang kommune vil dei neste fire åra ha eit spesielt fokus på å auke kunnskapsgrunnlaget til kommunen for ei heilskapeleg og berekraftig utvikling. Utvalde tema kommunen vil fokusere på i denne fireårsperioden er naturmangfald, energi og klima, vassmiljø, trafikktryggleik. I tillegg vil ein utarbeide ein overordna plan for helse- og omsorgstenesten.

Tabell 1 synar planane kva planar som skal bli utarbeida og revidert og kor tid arbeidet skal skje i løpet av dei neste fire åra.

**Tabell 1:** Planoppgåver og tidspunkt for prioritering for Vang kommune i perioden 2016-2019 (R = revisjon ; U = utarbeiding).

<b>Kommuneplan</b>	<b>Periode</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Kommuneplanens arealdel	2015-2027				
Kommuneplanens samfunnsdel	2015-2027				R
<b>Interkommunale-/regionplanar</b>	<b>Periode</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Regional plan for EPS	2018-2021			R	
Handlingsplan mot vold i nære relasjoner	2017-2020		R		
IKT-strategi for Valdresbarnehagane	2015-2018	Skal reviderast, tidspunkt ikkje avklara			
IKT-strategi for Valdreskommunene (inkl. grunnskulen)	2015-2018	Skal reviderast, tidspunkt ikkje avklara			
Regional kompetanseplan for barnehagar i Valdres	2015-2018	Skal reviderast, tidspunkt ikkje avklara			
Regional, strategisk kompetanseplan for helse og omsorg i Valdres	2016?	U			
<b>Kommunedelplanar</b>	<b>Periode</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Energi og klima	Ny			U	U
Naturmangfald	Ny		U	U	
Idrett og fysisk aktivitet	2019-2022			R	
Tyinkrysset	2019	R			
Vassmiljø-vassforsyning-avløp	Ny			U	U
Trafikktryggleik	2015-2017	R			
Plan for helse og omsorgstenesten i Vang kommune	Ny		U	U	
<b>Reguleringsplanar</b>	<b>Periode</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Klukkanhaugen	Ny	U	U		
<b>Tema-, fag- og tiltaksplanar</b>	<b>Periode</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Folkehelseoversikt	2020-2023				R
Kompetanseplan for helse- og omsorg i Vang	2020-2023				R
Demensplan	2015-2017	R			
Landbruksplan	2016-2020	R	R		
Rehabiliteringsplan	2016	R			
Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	2013-2016	R			
Bustadpolitisk plan - handlingsdel	2019-2022			R	
Bibliotekplan for Vang	Ny	U			
Utviklingsplan for skulen i Vang	2014-2018			R	
Kompetanseplan for grunnskulen	2018-2021		R		
Bustadpolitisk plan -handlingsdel	2019-2022				R
Sti og løypeplan Vang	Ny		U		
Kompetanseplan for Landbruk/teknisk etat	Ny		U		
Vedlikehaldsplan for vatn og avløp	Ny		U		
Vedlikehaldsplan for bygg og veg	Ny		U		
Overordna kompetanseplan for Vang	Ny	U			
<b>ROS og Beredskap</b>		<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Overordna ROS-analyse	2016-2019	R			
ROS for Landbruk/teknisk etat	Ny	R			

## 8 Vedlegg

### Vedlegg I

#### Regionale planar som er relevante for Vang kommune

**Tabell:** Regionale planar som er relevante for Vang kommune.

Regionale planar	Periode
Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland	2016-2026
Regional plan for folkehelse	2018-2022
Regional plan for klima og energi for Oppland	2013-2024
Regional plan for samfunnssikkerhet og beredskap	2018-2021
Regional vannforvaltningsplan for Glomma	2016-2021
Regional vannforvaltningsplan for Sogn og Fjordane	2016-2021
Regional vannforvaltningsplan for Vest-Viken	2016-2021
Regional plan for verdiskaping	2018-2030
Regional plan for kompetanse	2018-2030
Regional plan for samferdsel	2018-2030

#### Interkommunale planar som er relevante for Vang kommune

**Tabell:** Interkommunale planar som gjeld for Vang kommune.

Interkommunale-/regionplaner	Periode
Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan for Valdres	2018-2021
Handlingsplan mot vold i nære relasjoner	2017-2020
Regional, strategisk kompetanseplan for helse og omsorg i Valdres	2016
Regional plan for EPS	2018-2021
Bibliotekplan for Valdres	2013-2017
IKT-strategi for Valdresbarnehagane	2015-2018
IKT-strategi for Valdreskommunene (inkl. grunnskulen)	2015-2018
Regional kompetanseplan for barnehagar i Valdres	2015-2018
Energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres	2010
Mulighetsstudie for næringsutvikling i Valdres	2016
Ein 10-årig plan for lokalsamfunnsutvikling i Valdres	2017-2027



## Vedlegg II

## Status for prioriterte oppgaver førre kommunestyreperiode

**Tabell:** Planoppgåver og tidspunkt for prioritering for Vang kommune i perioden 2016-2019 (R = revisjon ; U = utarbeiding, Status 2020: raud farge = ikkje utført; grøn farge = utført).

Kommuneplan	Periode	2016	2017	2018	2019	Status 2020
Kommuneplanens arealdel	2015-2027					Vidareført
Kommuneplanens samfunnsdel	2015-2027					Vidareført
Interkommunale-/regionplanar	Periode	2016	2017	2018	2019	
Bibliotekplan for Valdres	2013-2017		R			Går over til kommunal plan: Bibliotekplan for Vang
Felles kulturminneplan for Valdres	Ny		U			Vedteke i 2019/2020
Felles rusmiddelpolitisk handlingsplan for Valdres	2014-2017		R			Revidert i 2018.
Handlingsplan mot vold i nære relasjonar	2017-2020				R	Vedteke i 2017
IKT-strategi for Valdresbarnehagane	2015-2018			R		Ikkje revidert. Fungert ok, ikkje prioritert.
IKT-strategi for Valdreskommunene (inkl. grunnskulen)	2015-2018			R		Ikkje revidert. Fungert ok, ikkje prioritert.
Ny 10-årig plan for samfunnsutvikling i Valdres	Ny	R	R			Vedteke 2017
Regional, strategisk kompetanseplan for helse og omsorg i Valdres	Ny	U				
Regional kompetanseplan for barnehagar i Valdres	2015-2018			R		Ikkje revidert – nytt tidspunkt for revidering ikkje avklart.
Kommunedelplanar	Periode	2016	2017	2018	2019	
Energi og klima	Ny			U	U	Ikkje utarbeida- blir prioritert neste periode
Folkehelseplan m/folkehelseoversikt	2018-2018			R		Folkehelseoversikt vedteke i 2020
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	2015-2018			R		Revidert 2018
Kommunedelplan for Tyinkrysset	2017-2027	U	U			Vedteke i 2019 men ny behandling i 2020
Kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp	Ny			U	U	Ikkje utarbeida – må vurdere prioritet
Trafikktryggleik	2015-2017		R			Ikkje utarbeida – blir prioritert neste periode
Reguleringsplanar	Periode	2016	2017	2018	2019	
Reguleringsplan for vassverk og reinseanlegg på Tyinkrysset	-	R				Vedteke i 2018
Tyinstølen	-		R			Ikkje revidert – Vil ikkje bli revidert i kommunal regi.
Utviding av Ryfoss bustadfelt	Ny	U				Vedteke i 2016
Vang sentrum	Ny		U	U		Vedteke i 2018
Øyebakkin	Ny	U	U			Vedteke i 2018



Tema-, fag- og tiltaksplanar	Periode	2016	2017	2018	2019	
Beitebruksplan	Ny		U			Vedteke i 2019
Beredskapsplan for vassverka		R				Revidert i 2019
Demensplan	2015-2017		R			Revidering i gang i 2020
Landbruksplan	2016-2020	R				Vedteke i 2016
Kompetanseplan for helse- og omsorg i Vang	Ny		U			Vedteke
Kontinuitetsplan for pandemisk influensa	2015-2019				R	Revidert i 2020 og endra namn til <i>Plan for ressursdisponering og omlegging av drift</i>
Overordna ROS-analyse	2016-2019	U				Vedteke i 2016
Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	2013-2016	R				Vedteke i 2016
Praktisk årsplan for barnehagane i Vang	2015-2017		R			Revidert 2019
Skjøtselsplan for Kongevegen	Ny		U			Utarbeida i 2015
Utviklingsplan for skulen i Vang	2014-2018			R		Ikkje revidert, naturleg å vente til 2022 etter innføring av nye læreplanar.

## Vedlegg III

### Innspel som kom ved varsel om oppstart

**Tabell:** Oversikt over innspel som kom ved varsel om oppstart av planstrategiarbeidet.

Innspel frå	Innspel	Forslag til revisjonar/planar	Innspel tatt med i plan-strategien?
<b>Natuvernforbundet i Valdres</b>	<p>Viser til miljødelen i Fylkesmannen sine kommunebilder for Vang 2017.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Reduksjon av klimagassutslepp</li> <li>• Miljøvern</li> <li>• Naturforvaltning</li> <li>• Forureining</li> </ul>		Innspela er vurdert og vil bli take med vidare i arbeidet med kdpl for energi og miljø, kdpl for naturmangfald og kdpl for vassmiljø-vassforsyning-avløp.
<b>Direktoratet for mineralforvaltning</b>	<p>Avsette nye område for råstoffutvinning, og sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar for framtida.</p>	Kartlegging av ressurstilgang og behov.	Blir vurdert ved revidering av arealdelen i kommuneplanen neste periode.
<b>Statens Vegvesen</b>	<p>Minner om at trafikktryggleiksplan skal reviderast minst kvart 4. år.</p>	Trafikktryggleiksplan med i planstrategi med frist for når den skal vere revidert.	Trafikktryggleiksplan er prioritert tidleg denne planperioda.
<b>NVE</b>	<p>Tilrår at kommunen vektlegg NVE sine ansvarsområder</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Flom, erosjon, skred og overvatn</li> <li>• Vassdrag- og grunnvatn tiltak</li> <li>• Energianlegg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heilskapeleg forvaltning i nedbørsfelt.</li> <li>• Vurdere behov for overordna plan for overvatn.</li> <li>• Unngå å bygge seg inn i utfordringar knytt til naturfare</li> </ul>	Innspelet er tatt til orientering. I oppstart av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima skal ein ta stilling til klimatilpassing eventuelt vurdere behovet for ein eigen plan.
<b>Vang Bondelag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dyrka mark må stå sentralt i planlegging av arealbruk.</li> <li>• Heilskapeleg satsing på landbruk. Spesielt fokus på nye krav som utløyser store investeringar – kva konsekvensar vil dette ha for talet gardar i drift.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordvern – tydlegare presisert i kommuneplan.</li> <li>• Samfunnsdel med langsiktig og heilskapeleg plan for landbruket.</li> </ul>	Blir vurdert ved revidering av kommuneplanen. Det er prioritert å revidere landbruksplan i denne planperioda.



<p><b>DNT Valdres</b></p>	<p>Større vekt på biologisk mangfald og tap av natur.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regionale regningslinjer for utbygging vs. friluftsliv.</li> <li>• Regional plan for fjell- og utmarksområde med fjellgrense.</li> <li>• Regional sti- og løypeplan.</li> </ul>	<p>Innepelet er vurdert. Det vil bli utarbeida tematiske kommunedelplanar som skal ligge til grunn ved revidering av arealdelen i kommuneplanen neste planperiode. Sti og løypeplan er prioritert denne perioden.</p>
<p><b>Fjellgrensenettverket i Valdres</b></p>	<p>Behov for å sette rammer for hytteutbygging og andre større inngrep.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere nye utbyggingsområder opp mot tomtereserve.</li> <li>• Grense for nedbygging av natur- og turområder.</li> <li>• Arealnøytralitet bør vurderast.</li> <li>• Omsyn til landskapskonvensar både røddliste for artar og naturtyper.</li> <li>• Kommunen sine klima- og energiplanar må vere forpliktande for arealplanlegginga.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbyggingsgrenser og tak på talet hytter i Valdres.</li> <li>• Plan for fjell-/markagrense</li> </ul>	<p>Innepelet er vurdert. Det vil bli utarbeida tematiske kommunedelplanar som skal ligge til grunn ved revidering av arealdelen i kommuneplanen neste planperiode.</p>
<p><b>Fylkesmannen i Innlandet</b></p>	<p>Viser til kommunebilete 2020 og nasjonale interesser.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barn og unge</li> <li>• Folkehelse</li> <li>• Samfunstryggleik</li> <li>• Klima</li> </ul> <p>Tilrår at minst følgjande planer vert vurdert revidert/utarbeida:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heilskapeleg ROS</li> <li>• Overordna beredskapsplan</li> </ul>	<p>Tilrår at følgjande planer blir revidert/utarbeida</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Strategi for drift og vedlikehald av kommunale avløpsanlegg og leidningsnett</li> <li>• Kommunedelplan for avløp og vassmiljø</li> <li>• Klimaplan</li> </ul>	<p>Innspela er vurdert, og i det store og heile innarbeida i planstrategien.</p>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dokumentert system for opplæring</li> <li>• ROS-analyse for helse- og omsorg</li> <li>• Helseberedskapsplan</li> <li>• Smittevernplan</li> </ul>		
<b>Valdres Natur- og Kulturpark</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå kommunen sin planstrategi i samheng med den regionale.</li> <li>• Barn og unge – friluftsliv som arena</li> <li>• Regionalt arbeid som Klimasatsnettverk og berekraftig hytteutvikling i Fjell-Norge bør følges opp.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regional/lokal plan for friluftslivet sine ferdselsårer.</li> <li>• Samordna plan for kulturminner i Valdres.</li> </ul>	Innspela er vurdert, og i det store og heile innarbeida i planstrategien.
<b>Marit Synnevåg og Lars Erik Nybø (hytteeigar på Eidsbugarden)</b>	Friluftsområder er generelt sett under press for utbygging og meir intensiv bruk. Behandles frå sak til sak, men etterspør ein vurdering av samla verknad på naturlandskapet. Nevner spesielt Eidsbugarden.	Utarbeide prinsipp og rammer for vidare hytteutbygging, spesielt områder over tregrensa og i tilknytning til nasjonalpark.	Blir vurdert ved rullering av arealdelen i kommuneplanen neste planperiode.
<b>Øyvind S. Bruland (hytteeigar på Eidsbugarden)</b>	Friluftsområder er generelt sett under press for utbygging og meir intensiv bruk. Behandles frå sak til sak, men etterspør ein vurdering av samla verknad på naturlandskapet. Nevner spesielt Eidsbugarden.	Fastsette at kommunen skal utvikle særskilte rammer for eventuell vidare hytteutbygging i områder over tregrensa.	Blir vurdert ved rullering av arealdelen i kommuneplanen neste planperiode.
<b>Innlandet fylkeskommune</b>	<p>Generelt</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser til veileder for planstrategi</li> <li>• Planstrategi ein politisk prioritering av planinnsatsen</li> <li>• Viser til Innlandsstrategien</li> </ul>	<p>Planstrategien bør innehalde tema om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Demografi</li> <li>• Integring</li> <li>• Klima/miljø</li> <li>• FN berekraftsmål</li> <li>• Kollektivtrafikk</li> <li>• Trafikktryggleiks plan</li> </ul>	Innspela er vurdert, og i det store og heile innarbeida i planstrategien.



<b>Norsk friluftsliv</b>	Sikring av neste generasjon sin natur og helse. Tap av natur og artsmangfald er ein like stor trussel mot menneskeheten som klimaendringar. Tema som er aktuelle å fokusere på: <ul style="list-style-type: none"><li>• Arealplanlegging med fokus på naturmangfald</li><li>• Friluftsliv viktig for folkehelsa</li><li>• Arealreknskap/naturreknskap</li><li>• Kartlegging og verdsetting av friluftslivområder</li><li>• Turruteplan</li><li>• Nærnatur og nærtur</li><li>• Hytteutbygging</li><li>• Klima og energiutbygging</li><li>• Motorferdsel</li><li>• Regional planlegging</li><li>• Inkludering</li><li>• Frivillighet</li><li>• Skule og barnehage</li><li>• Aktivitetsråd</li><li>• Reell medverknad</li></ul>		Innepelet er vurdert. Det vil bli utarbeida tematiske kommunedelplanar som skal ligge til grunn ved revidering av arealdelen i kommuneplanen neste planperiode. Sti og løypeplan for Vang er prioritert denne perioden.
--------------------------	--	--	---



## Vedlegg IV

## Innspel som kom ved høyring og offentlig ettersyn

**Tabell:** Oversikt over innspel som kom ved høyring og offentlig ettersyn.

Innspel frå	Innspel	Innspel tatt med i planstrategien?
<b>Direktoratet for mineralforvaltning</b>	Positiv til at kommunen legg opp til ei gjennomgang og vurdering av mineralressursar i samband med revidering av arealdelen.	
<b>Fylkesmannen i Innlandet</b>	<p><u>Overordna og heilskapelege planar</u> Stiller spørsmål til om Vang kommune burde lage færre og meir overordna og heilskapelege planar, og at desse planane vert følgt opp med årlege handlingsprogram</p> <p><u>Kommuneplan</u> Støtter at arealdelen ikkje blir revidert. Positiv til at Vang vil ha fokus på å auke kunnskapsgrunnlaget før revidering av samfunnsdelen.</p> <p><u>Kommunesamarbeid</u> Det er positivt av planstrategien omfattar interkommunale planar i regionen. Det er viktig at kommunen og regionen har ein heilskapeleg og planmessig tilnærming til interkommunalt samarbeid og ber om at dette vurderast om det ikkje allereie er gjort.</p> <p><u>Nasjonale interesser</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Planstrategien omfattar fleire planar for barn og unge sine interesser. Minner om viktigheita av å sjå desse i samanheng. Slik som kompetanseplanar for barnehagesektoren, barnevernet, oppvekstplan for skole og barnehage og bustadsosial handlingsplan.</li> <li>Fylkesmannen vurderer Vang kommune til å ha god oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og negative faktorar som kan spele inn her.</li> <li>Positiv til at kommunen set energi og klima som eit av fire hovudfokusområde. Ny energi-</li> </ul>	<p>Kdpl for helse og omsorg vil kunne inkludere fleire av dei eksisterande planane innanfor fagområdet. Ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel vil ein vurdere å inkludere kdpl for areal direkte inn i kommuneplanen</p> <p>Vang kommune held fram med å søkje gode interkommunale eller regionale løysingar der det ligg til rett for dette.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Det er god dialog og samarbeid mellom alle avdelingar som har barn og unge som fokusområde i kommunen. Neste år skal tilstandsrapporten for grunnskulen presenterast i eit 5-års perspektiv, og me vil med dette få eit godt grunnlag for å vurdere behovet for ein overordna plan for oppvekst.</li> </ul>



	<p>og klimaplan, ny plan for naturmangfald og plan for vassmiljø, vassforsyning og avløp underbyggjer dette. Gledeleg å sjå at Vang kommune har fått tildeling til fire klimasatsprosjekt 2020.</p> <p>Erfaring frå Covid-19 har vist at det er behov for større fokus på pandemiar i beredskapsplanar. Fylkesmannen legg til grunn at det gjerast ein heilskapleg evaluering av handteringa, og at erfaringane inkluderast i framtidige revideringar av beredskapsplanar og ROS-analyser.</p>	<p>Overordna ROS skal prioriterast i starten av denne planperioda, og erfaring frå Covid-19 vil vere ein del av dette arbeidet.</p>
<b>Statens Vegvesen</b>	<p>Har ikkje fleire merknadar utover det som vart sendt ved varsel om oppstart.</p>	
<b>Norges vassdrags- og energidirektor at</b>	<p>Har ikkje fleire merknadar utover det som vart sendt ved varsel om oppstart.</p>	
<b>Folkehelse-koordinator Kari Bø Wangenstein</b>	<p>Gang og sykkelveg langs E16 mellom Ryfoss og Tveit stadion, og også vidare til Vangnes må vurderast på nytt og planleggast så fort som mogleg for å finne alternativ til det som Statens vegvesen si reguleringsplan legg opp til. Gang og sykkelveg er eit viktig universelt folkehelseiltak for alle grupper. Ryfoss er ein tettstad med mykje aktivitet, og utviding av bustadfeltet er i gang.</p>	<p>Det er sett opp revisjon av trafikktryggleiksplanen i 2020, vurdering av gang- og sykkelveg i kommunen vil vere eit tema her.</p>
<b>Folkehelse-koordinator Kari Bø Wangenstein</b>	<p>Saknar eit punkt i planstrategien angående vedlikehald av ymse kommunale eigedomar. Har kommunen godt nok system i kommunen for tilsyn og vedlikehald av kommunale installasjonar/ulike eigedomar? Slik som den kommunale trimløypa Høre-Ryfoss, kulturløypa i Høre, aktivitetsparken i Vang, badstove nedanfor Vangstunet, volleyballbane ved Neset og kommunale badeplassar.</p>	<p>Det skal utarbeidast ein ny plan for vedlikehald av bygg og veg i 2021, det vil vere naturleg å inkludere vedlikehald av dei kommunale installasjonane/ulike eigedomane i denne planen.</p>
<b>Vang Bondelag</b>	<p>Takksame for at innspela til varsel om oppstart er teke omsyn til. Ein merknad til vurdering av planbehovet og kapittel 6.1 i planstrategien som var på høyring. Under kulepunkt 4 som gjeld arealdelen ynskjer Vang bondelag ei formulering der vern av dyrka mark og beiteressursar står sentralt – spesielt i konflikt med andre interesser, og ikkje berre område som er «særmerkte».</p>	<p>Kapittel 6.1 er oppdatert og innspelet er tatt til følgje.</p>
<b>Innlandet Fylkeskommune</b>	<p>Generelt viser planstrategien at kommunen ønsker å ha godt grunnlag for den vidare planlegginga og utviklinga av kommunen i form av godt kunnskapsgrunnlag. Fylkeskommunen støtter ei slik tilnærming.</p> <p><a href="#">Heilskapleg planlegging</a></p> <p>Vang legg vekt på tema som naturmangfald, energi- og klima, vassmiljø og trafikktryggleik. I tillegg blir det lagt opp til ein overordna plan for</p>	



	<p>helse og omsorg. Fylkeskommunen meiner dette viser at Vang kommune har fokus på overordna planer og strategiar som er positivt.</p> <p><u>Utviklingstrekk og utfordringar</u></p> <p>Fylkeskommunen saknar at det for kvart tema konkretiserast kva utfordringar kommunen har for kvart tema som blir presentert i planstrategien (befolkning, folkehelse, næring og arbeidsplassar, Fritidsbustadar, Arealbruk, Klima, miljø og vassdrag, Samfunnstryggleik, kommunal tenesteyting. Fylkeskommunen tilrår at kommunen prioriterer nokre tema som ein set større fokus på og samstundes at samhandling mellom fag og kommunar blir prioritert.</p> <p><u>Planbehov</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtter at kommuneplanen sin arealdel ikkje blir revidert denne perioden.</li> <li>• Fylkeskommunen meiner det er urealistisk å gjennomføre alle fire komunedelplanane innanfor planperioden og stiller spørsmål om realismen i det.</li> <li>• Planstrategien omfattar fleire planar for barn og unge sine interesser. Revisjon og oppretting av desse planane meiner fylkeskommunen er gode trekk, men minner om at det er viktig at desse bør sjåast i samheng og at det må vere samhandling mellom planane. (kompetanseplan for både barnehagesektoren, barnevernet, oppvekstplan for skole og barnehage og bustadsosial handlingsplan. I tillegg trafikktryggleiksplan, bibliotekplan og sti- og løypeplan.)</li> <li>• Positivt at kommunen skal revidere plan for trafikktryggleik.</li> <li>• Fylkeskommunen meiner det er positivt at kommunen ynskjer å ha eit godt kunnskapsgrunnlag som grunnlag for reguleringsplanar for fritidsbustadar.</li> </ul>	<p>Planstrategien er oppdatert med utfordringar for kvart tema.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tre av planane skal utarbeidast av teknisk/landbruk etat og ein skal utarbeidast av etat for helse og omsorg. Å utarbeide desse fire meiner administrasjonen er realistisk. I planen for vassmiljø-vassforsyning-avløp vil det bli vurdert å bruke eksterne konsulentar til deler av arbeidet.</li> <li>• Det er god dialog og samarbeid mellom alle avdelingar som har barn og unge som fokusområde i kommunen. Neste år skal tilstandsrapporten for grunnskulen presenterast i eit 5-års perspektiv, og me vil med dette få eit godt grunnlag for å vurdere behovet for ein overordna plan for oppvekst.</li> </ul>
<p><b>Vang Arbeiderparti</b></p>	<p>Foreslår at Vang kommune vel til dømes 5 stk. av FN sine berekraftsmål som kommunen skal</p>	<p>Ved revidering av samfunnsdelen i</p>



	<p>fokusere særskilt på og som er ekstra viktig for Vang kommune. For eksempel nr:</p> <p>1: Utrydde fattigdom 3: God helse og livskvalitet 8: Anstendig arbeid og økonomisk 9: Industri, innovasjon og infrastruktur 15: Livet på land</p> <p>Arbeiderpartiet kjem med eksempel på konkrete tiltak, slik som:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Grønt rekneskap</li><li>• Stimulere innbyggjarane si interesse og engasjement for lokalpolitikken</li><li>• Fremme inkluderande arbeid for alle</li><li>• Stimulere til samarbeid mellom næringsliv, politikarar og administrasjon</li><li>• Fortsette arbeidet med å utjamne sosiale ulikskapar</li><li>• Bygging og kjøp av eigen bustad i Vang</li><li>• Barn og unge er det viktigaste vi har<ul style="list-style-type: none"><li>○ Trygg og god oppvekst</li><li>○ Satsing gjennom sommarjobbar, lærlingplassar, møteplassar, gode grøntareal.</li><li>○ Møteplassar som er tilgjengeleg for alle og uformelt.</li></ul></li><li>• Sikre ei heilskapleg og berekraftig utbygging av fritidsbygg i prioriterte områder som Filefjell, Grindafjell og Raudalen.</li><li>• Sikre at det etablerte landbruket får levelege vilkår, slik at dyrka mark og utmarksbeiter blir brukt enno meir enn i dag.</li></ul>	<p>kommuneplan vil ein kople FN sine mål om berekraft til egne mål, strategiar og tiltak.</p> <p>Planstrategien er eit overordna dokument som skal danne grunnlaget for fokusområde og prioritering av planprosessar. Konkrete tiltak kan leggjast inn i dei ulike planprosessane. Relevante planar som skal utarbeidast denne perioda:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kdpl energi og klima</li><li>• Bustadpolitisk plan</li><li>• Reguleringsplan Klukkarhaugen</li><li>• Bibliotekplan</li><li>• Sti og løypeplan</li><li>• Overordna kompetanseplan</li><li>• Utviklingsplan for skulen i Vang</li><li>• Kompetanseplan for grunnskulen</li><li>• Viser til punkt 6.3 Fritidsbustadar.</li><li>• Vil vere fokus ved revisjon av landbruksplan i denne perioden og kommuneplanen sin arealdel neste planperiode.</li></ul>
--	---	--